



Sundag kveld var det ein god oppvarmingsrunde til laurdagsfesten

**Laurdag vert ein gamal tradisjon gjenopliva i Helgheim, det vert arrangert ein korgafest med dans i regi av Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland.**

**I løpet av vinteren har dei gjennomført ein ny og vellukka serie med sundagsdansar i det tradisjonsrike lokalet. Difor er det rimeleg av det no blir ein skikkeleg fest. Oppslutnaden er god, men det er plass for fleire vener og veners vener.**

- Vi har god musikk ettersom vi har engasjert det lokale Trinity. Ein treng altså ikkje å reise langt for å skaffa eit bra band, seier Berit Harriet.

Trinity er som namnet fortel 3 musikarar. Bandet består av Olaus Heggernes og Karsten Ekeland frå Valen og Jan Tveito som bur i Beinavikjo i Uskedalen.

Festen startar klokka 20 og kvar enkelt skal ha med seg smørbrød i korga!

Sundag kveld var det også dans i Helgheim, som ein opptakt til festen på laurdag og etterat fleir hadde ynskje om det. 16 møtte fram og det vart ein sikkeleg oppvarming!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen